

IT-forum med digital læring i fokus

Kan ein lære i skya? Korleis kan ein nytte iPad i barnehagen? IT-forum samlar krefter frå heile fylket til konferanse om bruk av IKT i oppvekst og utdanning 23.-24. november.

Målet med samlinga «IT-forum oppvekst og utdanning» er å dele erfaring og kompetanse på læring i ei digital tid frå heile fylket og på tvers av alle skuleslag. Nærare 150 ikt-kontaktar, pedagogar og leiarar er allereie påmeldt.

iPad + barnehage = sant?

Tema for den årlege samlinga i fylket er pedagogisk og administrativ bruk av IKT i oppvekst. Korleis utnytte digital teknologi for læring, og samstundes handtere dei utfordringane den fører med seg? Korleis manøvrere i eit samfunn der all verdas informasjon berre er eit tastetrykk unna? Satsingar i fylket blir og løfta fram, som korleis lærarar og elevar på linja for teknikk- og industriell produksjon ved Eid vgs arbeider med IKT og digitale hjelpemiddel, og erfaringar frå Flora der ein tek i bruk iPad i alle barnehagane. **Oppfølging av nasjonale satsingsområde innan IKT står og på programmet.** .

Unikt samarbeid

It-forum oppvekst og utdanning er eit unikt samarbeid på tvers av skuleslag, også i nasjonal samanheng. Sidan 2006 har ein arbeidd med å finna gode løysingar for digitalt samarbeid og samspel på tvers av alle skulesteg i fylket. ITFOU består av ressurspersonar innan ikt frå alle regionråda, fylkeskommunen, fylkesmannen, høgskulen og vestlandsforskning. Vi samarbeider med KS Sogn og Fjordane sitt skule og barnehageutval og den årlege konferansen er ein viktig arena for å dele gode erfaringar og døme.

IT-Forum oppvekst og utdanning består av representantar frå regionråda i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen og Vestlandsforskning. Samlinga er arrangert i samarbeid med KS og kommunane i Sogn og Fjordane.

[Program og deltakaroversikt finn du her.](#)

Om IT-forum

IT-forum Sogn og Fjordane blei etablert i 1995, og er eit breitt samarbeid og spleiselag som skal sikre at Sogn og Fjordane er i fremste rekkje i å utnytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikre viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.

Kontaktperson:

Randi Scheflo, leiar i arbeidsutvalet , Randi.Scheflo@sysikt.no, 958 21401

Øyvind Heimset Larsen, IT-forumsekretariatet Vestlandsforskning, ohl@vestforsk.no, 97106454



Tre i arbeidsgruppa, Grete Netteland (bak), Bente Forfang, Randi Scheflo, før IT-forum OU 2014 i Førde



Det nasjonale IKT-senteret var første ut i plenum på IT-forumOU 2015 i Sogndal